



Trond H. Myklebust framfor uttaksområdet på Øvre Døsmland. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Nordsjøarbeidar gjennom 10 år Trond H. Myklebust planlegg å gå i land og har håp om at leveransar av støypesand frå eigedommen hans på Øvre Døsmland kan gje minst tre arbeidsplassar. Han tok over eigedommen i fjor. Onsdag til veka skal forvaltningskomiteen handsama reguleringsplana for Uskedalen Sandtak og leggja ho ut til offentleg ettersyn. Rådmannen har lagt fram saka for politikarane på ein måte som Myklebust tolkar som positiv.**

Sanduttak på vestsida av Uskedalselva på Øvre Døsmland, 2,5 kilometer frå sentrum i Uskedalen, har lange tradisjonar. Like etter krigen byrja onkelen til Trond sin far uttaket der og faren hans heldt fram til han gjekk bort for 20 år sidan. No ynskjer Trond (34) å satsa på sand i staden for sjø og Harald Bjørndal i Eikelandssosen har laga ein reguleringsplan som betyr at det blir masseuttak på 120 dekar av det 140 dekar store området. Uttaksområdet er beite i dag.

Uttaket er stipulert til 1.400.000 kubikkmeter og Trond meiner at det kan gje grunnlag for verksemd gjennom 20 år. Men om det klaffar avheng sjølvsagt av storleiken på leveransane og det er umogeleg i dag å uttala seg om marknadsutsiktene. Det er så langt ikkje laga nokon marknadsvurdering. Heller ikkje har kvaliteten på sanda vore vurdert, men det var bra pussesand då Trond sin far dreiv. Viss det hadde vore tale om eit uttak på meir enn 2.000.000 kubikkmeter masse, måtte det ha vore laga ei konsekvensutredning, men det slepp altså Trond.

Det blir ikkje tale om å knuse fjell og altså ikkje aktuelt å montera eit støyande knuseverk, som til dømes i Omvikdalen. Støyforureininga blir med andre ord minimal. Det krevst ikkje store installasjonar korkje av maskiner eller anna. Det einaste som må til av bygningar er er eit kontor og ein liten verkstad, som allereie er på plass. Seks dekar av reguleringsområdet er skog.

Når det gjeld transporten er fylkesvegen frå krysset med riksvegen og opp til Hauglandsbrua (omlag to kilometer) no oppgradert til Bk 10-veg, som inneber at den også kan tåla tungtransport. Den 500 meter lnge biten frå



fylkesvegen og fram til sandtaket er fleire grunneigarar saman om, men også den tåler slik transport, forsikrar Trond.

Når det gjeld møteplassar, vil Trond opparbeida nokre på eigen grunn og han har inngått avtale med andre grunneigarar om opparbeiding av fleire på deira grunn. Den siste vegbiten er gamlevegen opp til Børsdalen. Den var tidlegare mykje nytta som turveg, men ikkje etter at det kom bilveg opp til kalkingsstasjonen.  
- Eg har ikkje registrert spesielle motforestillingar mot dette prosjektet, folk er stort sett positive, seier Trond.

Saka har allereie vore til uttale på fleire hald i samband med oppstartmeldinga. Fylkesmannen er skeptisk til disponering av eit LNF-område til massetak, men kan opna for omregulering av di det har vore sandtak i området før. Fylkeskommunen har hatt registrering, men ikkje påvist automatisk freda kulturminne. Ein oppsittar ved Haugland er redd for støy utanom normal arbeidstid.

I reguleringsføresegnene heiter det at aktivitetane skal avgrensast til mellom 06 og 17 frå måndag til fredag avgrensa til sortering og til transport mellom 08 og 22 frå måndag til laurdag. Etter anleggsperioden skal området tilbakeførast til jordbruksføre mål. Vegen gjennom området skal til ei kvar tid vera open for allmenn ferdsel og sikra.

Administrasjonen i kommunen sleg fast at reguleringsplana tek omsyn til inspela frå berørte partar og instansar og at den er i tråd med intensjonen i godkjent kommunedelplan for området. At det gamle sandtaket ikkje vart registrert i siste kommuneplanprosess var ein forsømmelse, innrømmer administrasjonen.

Bruket til Trond H. Myklebust er berre på 57 dekar dyrka mark og han har ikkje dyr.

Av Ola Matti Mathisen



Trond Myklebust har inngått avtale med eit firma som no skal fjerna alt jernskrotet som ligg i området. Han ber folk som har liknande om å

ringa han – så kan dei bli kvitt det! (Foto: Ola Matti Mathisen)